



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Westcon Yards AS, Ølsvågen, Vindafjord kommune - Endra løyve til plassering av oppjekkbar rigg på sjøbotnen - Etterhandskunngjering

Fylkesmannen ga 13.10.2016 etter søknad løyve etter forureiningslova til Westcon Yards AS til tidsavgrensa plassering av den oppjekkbara riggen «West Epsilon» på definert posisjon på sjøbotnen innst i Ølsvågen. Løyvet gjeld fram til 1. november 2017.

Riggen blei ved ankomst plassert på ein annan posisjon enn omsøkt, ved Lundeneset. Fylkesmannen har etter søknad endra det tidsavgrensa løyvet slik at det samsvarer med den faktiske posisjonen til riggen.

Endra løyve og søknaden om endring er lagt ut på internettsida til Fylkesmannen i Rogaland www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima».

Vedtaket om endring av løyvet kan påklagast til Miljødirektoratet innan tre veker frå kunngjeringstidspunktet. Mogleg, grunngjeven klage skal rettast til Miljødirektoratet og sendast til Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59, 4001 Stavanger eller fmropost@fylkesmannen.no.